


Høyringsinnspel Selselva kraftverk

«Høyringsuttale 202205918».

Vi viser til søknad frå Selselva Kraft AS om konsesjon for auka kraftproduksjon i Selselva Kraftverk og herunder oppdemming/regulering av Selsvatnet i Bygstad, Sunnfjord kommune. Vi viser også til uttale frå FNF Sogn og Fjordane i saka.

Indre Sunnfjord turlag (IST) opplever at tiltakshavar i liten grad skildra natur-, landskaps-, frilufslivs- og reiselivsverdiane i dette fjellområdet. Vi vil difor i denne uttalen fokusere på vårt «eigarskap» til, og bruk av området.

Storehesten (Kvamshesten) er eit ikonisk fjell i Sunnfjord, og området rundt har store verdiar i natur- og friluftssamanheng. Sidan oppstarten i 1971 har «Hestane» - Storehesten og Lisjehesten - vore utgangspunkt for Indre Sunnfjord Turlag sin logo.



Bilete av Hestane sett frå Langeland skisenter som ligg sør/aust for fjellmassivet.

Indre Sunnfjord turlag sin bruk av området.

Indre Sunnfjord turlag er det største turlaget i tilhøyrande DNT Sogn og Fjordane. Vi har omlag 1850 medlemmer og omfattar kommunane Sunnfjord, Askvoll og Fjaler.

IST nyttar området aktivt i sin turaktivitet. Vi har T-merka ruter frå parkeringsplassen på Stølshaugane (411 moh) og opp forbi dagsturhytta Skaraly (750 moh) vestover til Storehesten (1209 moh) og austover til Lisjehesten (909 moh). Vidare er det umerka rute vestover til Blægja (1304 moh). Det er også andre umerka ruter inn i området frå fleire sider. I boka Opptur Indre Sunnfjord er det heile 6 turruter som er skildra opp frå sør; to av dei går opp frå Sele, bratt oppover langs Selselva og forbi Selsvatnet til Blægja og til Storehesten. Dei fire andre rutene har utgangspunkt på Stølshaugane og går til Storehesten (tre ruter) og Lisjehesten (ei rute).

Det er minst to ruter til som kjem inn i området frå nord og som vert nytta av turgåarar.

Organiserte turar rundt Hestane (Storehesten og Lisjehesten) og til kvar av desse toppane er populære. Det same er den organiserte vårskituren til Blægja som passerer Selsvatnet i nord. I tillegg til organiserte turar i regi av IST og andre turlag, er området også mykje nytta av enkeltpersonar og grupper uavhengig av turlaga.

Området der utbygginga er planlagt, er del av eit større turområde som er mykje brukt både vinter og sommar. Tiltakshavar skildrar kun turstien som går nedanfor Kårstadstølen via dagsturhytta til toppen av Storehesten. Bruken er som sagt mykje større enn denne ruta. Ein kan leggje ut på tur i fleire dagar i området om ein det vil.

Indre Sunnfjord har i ei årrekke arrangerte vårskituren frå Stølshaugane opp bak Storehesten og vidare ut til Blegja. Årets tur går 27. april. Sjå også informasjonen om turen på nettsida til DNT og Indre Sunnfjord Turlag; [Fjellskitur til Blegja | Indre Sunnfjord Turlag \(dnt.no\)](https://www.dnt.no/fjellskitur-til-blegja)

Dette er ein svært populær tur med mange deltakarar. Det er også ein tur veldig mange går på eiga hand, og som er kjent langt utover regionen. Mange går på ski her frå mars og utover til juni avhengig av snøtilhøva. Også andre turlag nyttar området til organiserte turar.


 Den Norske Turistforening



Turfølge på veg til Blægja. Selsvatnet nede til høgre.



Her er følge på toppen! Vårskitur til Blægja april 2023 i regi av Indre Sunnfjord turlag.




Opptur Indre Sunnfjord har omslagsbiletet sitt frå tur i regi av Indre Sunnfjord Turlag på retur frå tur til Blægja. Storehesten rett fram og Selsvatnet i biletkanten til høgre.

Hytter i området - populære dagsturhytte – Skaraly

Dagsturhytta Skaraly ligg i skaret opp frå Kårstadstølen på vegen til Storehesten (vestover) og Lisjehesten (austover). Lenger vest finn vi Massbu og Nipebu; DNT-hytter som vert drifta av Indre Sunnfjord turlag. Enno eit stykke lenger vest ligg dagsturhytta til Askvoll kommune. Det er samanhengande turstinettverk som går gjennom området rundt Kvamshesten frå Langeland skisenter i aust v/E39 til langt vest i Askvoll. Hyttene er plassert slik at det skal vere mogleg å legge opp overnattingsturar i området.

IST opplever at området ikkje berre vert nytta av folk frå nærområdet, men også tilreisande frå andre deler av landet og frå utlandet. M.a. overnatting på hyttene våre i området viser dette, og fortel at området er interessant også i ein større samanheng.



Dagsturhyttene er gode turmål og møteplassar. Nesten alle kommunar i Vestland har minst ei dagsturhytte.



Dagsturhytta Skaraly. Foto: Magnar Egil Øren Gangsø/Ut.no.

Dagsturhytta ligg ved Kårstadskaret på ca. 750 moh. Den er ypperleg for ein tur i seg sjølv eller som eit kort eller lenger stopp med fantastisk utsikt mot Dalsfjorden, Storehesten og Sunnfjordfjella. Turen går i ope og luftig turterreng i same trasé som Storehesten opp. Stien er godt opparbeidd med grus, singel, steinheller og rekkverk enkelte stader. På veg opp mot hytta går du forbi eit fint stølsområde. Frå hytta er det fint å ta turen vidare austover til Lisjehesten eller vestover til Storehesten og Blægja.

Etablering av dagsturhytta Skaraly (750 moh) som eit lågterskeltilbod har også medført auka bruk av området i tursamanheng.

Geologi

Området i og rundt Storehesten er også peika på som eit særskilt interessant geologiområde både nasjonalt og internasjonalt. Universitetet i Oslo nyttar området til ekskursjonar/feltarbeid i samband med undervising og forskning. Våren 2025 kan Sunnfjord geopark, som inkluderer Storehesten og fjellområdet ikring, bli del av UNESCO.

Konklusjon:

Det aktuelle området har store natur-, landskaps-, frilufslivs- og reiselivsverdiar som ikkje er omtalt eller vektlagt i søknaden. Urørt natur er eit fellesgode som er pressa frå mange kantar, og som vi som samfunn må hegne om. Det omsøkte tiltaket vil ha store negative innverkander på opplevingsverdiane i området. Vi ber om at dette vert vektlagt i vurderinga av søknaden.

Mvh
Ingebjørg Erikstad
styreleiar Indre Sunnfjord turlag